

**Twisteløysingsnemnda
etter arbeidsmiljølova**

Vedtaksdato: 21.10.2013
Ref. nr.: 13/21757
Saksbehandlar: Helene Nødset Lang

VEDTAK NR 53/13 I TVISTELØYSINGSNEMNDA

Twisteløysingsnemnda heldt møte torsdag 17. oktober 2013.

Ved behandling av saka var twisteløysingsnemnda satt saman slik:

Faste medlemmer

Henning Harborg, leder

Anne-Lise H. Rolland, oppnevnt etter forslag fra LO

Anders Stenbrenden, oppnevnt etter forslag fra NHO (vara for Elisabeth Lea Strøm)

Særskilde oppnemnde medlemmer

Hallfrid Kristoffersen, Fagforbundet

Gry Brandshaug Dale, KS

Saka gjeld

Tvist om førerett for deltidstilsette etter arbeidsmiljølova § 14-3

Arbeidstakar

A

Arbeidsgivar

B kommune

Det vart treffe slikt vedtak:

Saksframstilling

A er tilsett som hjelpepleiar i stilling på 80 prosent ved B pleie- og omsorgssenter, B kommune. Det vart lyst ut internt ei stilling på 60 prosent som fagarbeider i heimetenesta (stillingkode 7076 Helsefagarbeidar) med søknadsfrist 24. mai 2013.

A sokte på stillinga 21. mai 2013 med ynskje om å auke stillinga si med 20 prosent slik at ho fekk full stilling. Ho fekk avslag på søknaden i brev av 6. juni 2013.

Det var tre søkerar til stillinga. Alle var tilsett i kommunen i deltidsstillingar, og den som vert tilsett var og utdanna hjelpepleiar, tilsett i stilling på 25 prosent i kommunen.

Saka vart brakt inn for tvisteløysingsnemnda ved brev av 26. juni 2013. Overfor nemnda har begge partane fått kome med ytterlegare opplysingar og grunngjevingar i saka.

Det ligg føre følgjande dokument frå arbeidstakar:

- brev av 26. juni 2013 med vedlegg

Det ligg føre følgjande dokument frå arbeidsgivar:

- e-post av 15. oktober 2013 med vedlegg

Utsegn frå arbeidstakar

A gjer gjeldande at tilsetjinga var eit klart brot på lov og regelverk og fører i det vesentlege fram:

A viser til Hovedavtalen for kommunalt avtaleområde § 2.2 om at: *Når søkerne for øvrig står kvalifikasjonsmessig likt foretrekkes den søker som har lengst ansiennitet i kommunen.* A opplyser at hun har ansiennitet frå 1. januar 1978 og at den tilsette berre hadde ansiennitet frå 1. juli 1986. Ho har altså åtte år lengre ansiennitet.

Utsegn frå arbeidsgivar

B kommune fører i det vesentlege fram:

B kommune har for tida eit prosjekt mot ufrivillig deltid i kommunen. Den utlyste stillinga var eigentleg ei sjukepleiestilling men vart lyst ut som hjelpepleiar internt grunna ufrivillig deltid hos personalet. Avdelinga prioriterer å ha tilsette i minst 50 prosent stilling grunna ufrivillig deltid og slik at dei tilsette kan yte best mulig arbeid.

Avdelinga klarer ikkje å få til fulle stillingar grunna turnus med tredje kvar helg og talet på stillingar. I denne avdelinga kunne dei fleste gått i full stilling dersom dei hadde arbeid annan kvar helg. Dette er ikkje ynsklig for leiarsida og berre få tilsette ynskjer fleire helger.

Arbeidstakaren som fekk tilbod om stilling, hadde 25 prosent stilling i kommunen frå før. A har stilling på 80 prosent. Begge var med i prosjekt mot ufrivillig deltid.

Tvisteløysingsnemndas merknader

Arbeidsgivar og arbeidstakar kan bringe tvist om førerett inn for tvisteløysingsnemnda, jf arbeidsmiljølova § 17-2 (1) og § 14-3 (4). Arbeidsmiljølova § 14-3 (1) seier at deltidstilsette har førerett til utvida stilling framfor at arbeidsgivar tilsett ein ny arbeidstakar i verksemda. Det er eit vilkår at arbeidstakar er kvalifisert for stillinga og at utøving av retten ikkje fører til vesentlege ulemper for verksemda, jf. § 14-3 (2). Slik saka er opplyst legg nemnda til grunn at A er kvalifisert for stillinga.

Arbeidsmiljølova gir ingen retningslinjer om korleis ein skal prioritere mellom fleire deltidstilsette med førerett. Det er difor arbeidsgivar som må gjøre den prioriteringa. Nemnda har ikkje myndigheit til å fatte vedtak etter tariffavtale. Slik saka er opplyst har difor ikkje nemnda moglegheit til å overprøve arbeidsgivar sine vurderingar i valet mellom dei deltidstilsette med førerett etter arbeidsmiljølova § 14-3.

Konklusjon

Arbeidstakar får ikkje medhald.

Tvisteløysingsnemnda

Henning Harborg
leiar

Oslo, 21.10.2013

Til orientering:

Tvist om førerett for deltidstilsette kan bringast inn for domstolane etter at tvisteløysingsnemndas vedtak føreligg, jf arbeidsmiljøloven § 17-2 andre ledd. Nemndas konklusjon står ved lag mens saka er til behandling ved domstolane. Dersom dette vil virke urimeleg, kan retten etter krav frå ein av partane fastsetje ei anna mellombels ordning.

”Frist for å bringe tvisten inn for domstolene er åtte uker fra det tidspunkt nemndas avgjørelse foreligger”, jf arbeidsmiljølova § 17-2 tredje ledd.